

Innst. S. nr. 31

(2001-2002)

Innstilling fra utenrikskomiteen om endringer på statsbudsjettet for 2001 under kapittel administrerte av Utenriksdepartementet

St.prp. nr. 20 (2001-2002)

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Innanfor programområde 02 Utenriksforvaltning blir det foreslått tilleggsøyvingar i samband med FN's fredsbevarande operasjonar og NATO (netto 98,555 mill. kroner) og Kronprinsbryllaupet (2 mill. kroner).

Utbetalingane til FN's fredsoperasjonar er avhengige av Tryggingrådet sine vedtak om igangsetjing, utviding og terminering av operasjonane. På grunn av ei sterk utviding av MONUC i DR Kongo og igangsetjing av UNMEE i Etiopia/Eritrea er det behov for 106 mill. kroner i tilleggsøyving i år.

Det blir vidare foreslått ei tilleggsøyving på kr 555 000 til prosjektering m.m. av det nye NATO-hovedkvarteret i Brussel.

Innanfor budsjettet for utviklingshjelp under programområde 03 blir det foreslått omdisponeringar på til saman 127,4 mill. kroner. Desse omdisponeringane blir foreslått for å kunne nytte øyvingane mest mogeleg effektivt i budsjetterminen. Det er blitt ledige midlar til omfordeling på grunn av mindre ODA-godkjente utgifter til flyktningar i Noreg. Vidare blir utbetalingane knytta til næringslivsordningane og Den interamerikanske utviklingsgruppa mindre enn i saldert budsjett for 2001. Ymseposten på kap. 159 blir redusert. Dei ledige midla blir i hovudsak foreslått omdisponert til humanitære tiltak i Asia og Afrika, og auka støtte til freds- og forsoningsarbeid.

Under låneordninga for utvikling av næringslivet i utviklingsland vart to lån avskrivne i 2000 utan at Stortinget er blitt orientert om dette. Enkeltiltak med avskrivningar over 3 mill. kroner skal, jf. vedtak X i Budsjett-innst. S. nr. 3 (1999-2000), leggjast fram for Stortinget.

Eit lån på 10,224 mill. kroner til Chain de Froid Regionale S.A. i Benin vart avskrive etter at selskapet tapte heile eigenkapitalen.

Eit lån på 4,43 mill. kroner til Noraf Consulting i Uganda vart avskrive då selskapet som følgje av ulønnsam drift fekk økonomiske problem og misleghelt låneavtalen med NORAD.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen merker seg at et lån på 10,224 mill. kroner til Chain de Froid Regionale S.A. i Benin og et på 4,43 mill. kroner til Noraf Consulting i Uganda ble avskrevet uten at Stortinget ble orientert slik vedtak X i Budsjett-innst. S. nr. 3 (1999-2000) foreskriver.

Komiteen merker seg at behovet for reduksjon på 40 mill. kroner på kap. 157 post 72 skyldes manglende retningslinjer for bruk av blandede kreditter og et behov for gjennomgang av eksisterende garantiordninger.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2001 blir det gjort følgende endringer:

Kap.	Post	Formål
------	------	--------

Kroner

103		Regjeringas fellesløyving for representasjon	
	1	Driftsutgifter, blir a u k a med	<u>2 000 000</u>
		frå kr 5 300 000 til kr 7 300 000	
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir a u k a med	<u>98 555 000</u>
		frå kr 621 643 000 til kr 720 198 000	
140		Utanriksdepartementets administrasjon av utviklingshjelpa	
	1	Driftsutgifter, blir a u k a med	<u>750 000</u>
		frå kr 119 840 000 til kr 120 590 000	
141		Direktoratet for utviklingssamarbeid (NORAD)	
	1	Driftsutgifter, blir a u k a med	<u>1 000 000</u>
		frå kr 161 860 000 til kr 162 860 000	
142		NORADs administrasjon av utanriksstasjonane	
	1	Driftsutgifter, blir a u k a med	<u>350 000</u>
		frå kr 192 915 000 til kr 193 265 000	
143		Utanriksdepartementets administrasjon av utanriksstasjonane	
	1	Driftsutgifter, blir a u k a med	<u>325 000</u>
		frå kr 103 300 000 til kr 103 625 000	
150		Utviklingshjelp til prioriterte land og regionar	
	71	Utviklingshjelp til Asia, <i>kan overførast</i> , blir a u k a med	<u>5 000 000</u>
		frå kr 390 000 000 til kr 395 000 000	
	72	Utviklingshjelp til Mellom-Amerika, <i>kan overførast</i> , blir a u k a med	<u>8 000 000</u>
		frå kr 130 000 000 til kr 138 000 000	
157		Næringsutvikling og økonomisk utvikling	
	72	Finansieringsordning for utviklingstiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..	<u>40 000 000</u>
		frå kr 412 000 000 til kr 372 000 000	
159		Tilskot til ymse hjelpetiltak	
	70	Tilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	<u>24 286 000</u>
		frå kr 24 286 000 til kr 0	
163		Generelle tilskot - finansinstitusjonar	
	70	Innskot i finansinstitusjonar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	<u>8 000 000</u>
		frå kr 1 038 500 000 til kr 1 030 500 000	
190		Humanitær hjelp ved naturkatastrofar	
	70	Tilskot ved naturkatastrofar, <i>kan overførast</i> , blir a u k a med	<u>20 000 000</u>
		frå kr 190 000 000 til kr 210 000 000	
191		Menneskerettar, humanitær hjelp og flyktningtiltak	
	70	Tilskot til menneskerettar, humanitær hjelp og flyktningtiltak, <i>kan overførast</i> ,	
		blir a u k a med	<u>57 000 000</u>
		frå kr 1 488 000 000 til kr 1 545 000 000	
192		Fred, forsoning og demokrati	
	70	Tilskot til generelle tiltak for fred, forsoning og demokrati, <i>kan overførast</i> ,	
		blir a u k a med	<u>10 000 000</u>
		frå kr 123 000 000 til kr 133 000 000	
	71	Tilskot til ODA-godkjende land på Balkan og andre ODA-godkjende OSSE-land,	
		<i>kan overførast</i> , blir a u k a med	<u>25 000 000</u>
		frå kr 775 000 000 til kr 800 000 000	
195		Tiltak for flyktningar i Noreg, godkjent som utviklingshjelp (ODA)	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med	<u>54 700 000</u>
		frå kr 662 399 000 til kr 607 699 000	

II

Stortinget samtykkjer i at post 70 under kap. 198 Frivillige tilskot, FN-operasjonar får lagt til stikkordet "*kan overførast*".

Oslo, i utenrikskomiteen, den 28. november 2001

Thorbjørn Jagland
leder

Åslaug Haga
ordfører og sekretær